

The B-Side av Ben Yagoda

## MILLER VS. SINATRA

«Eg ville aldri ha kjøpt dei greiene der sjølv», sa Mitch Miller, sjefen i populærmusikkavdelinga i Columbia Records i 1951, om slagerane han hadde fått laga under selskapet. «Jobben min er ikkje kunstnarleg tilfredsstillande. Musikalsk tilfredsstilling finn eg andre stader.» Sitatet kjem om lag midtvegs i *The B-Side. The Death of Tin Pan Alley and the Rebirth of the Great American Song* (Riverhead), ei velinformert og livleg bok av Ben Yagoda.

Miller vert noko av ein antagonist i Yagodas forteljing – ein representant for det forfattaren ser som eit forfall i kvaliteten i amerikansk populærmusikk utetter i 50-åra, i glipa som oppstod mellom det han skildrar som ein gullalder for songen (1925–45), og framveksten av rocken, med sin nye type populærmusikalsk komposisjon og kultur. For Miller var jobben berre business.

*The B-Side* er ei bok full av sanger, anekdotar og ikkje minst polemisk snert og er godt selskap for alle som likar å diskutere populærmusikk og kanskje ikkje får gjort det ofte nok – for her kan ein jo ikke og riste på hovudet om kvarandre etter kvart som ein les.

Millers mange konfrontasjonar med Frank Sinatra (som forsvann frå Columbia i 1952) er underhaldande og tilfører stoffet eit slags vedvarande drama, til same tid som det viser kor breitt symptoma Yagoda skildrar faktisk vart oppfatta i samtida. Som vi veit, fekk akkurat denne forteljinga ein lukkeleg slutt: Då «Yesterday» kom, skriv Yagoda på siste side i boka, kunne lyttarar late att augo og sverje på at det var ein song frå gullalderen dei høyrde: «The final page had been turned on one songbook. Another was just starting to be written.»


Er vi inne i ei ny forfallstid der Millers haldningar rår? Spørsmålet vert ikkje stilt direkte, men ligg i lufta etter at lesaren er ferdig med *The B-Side*.

ØVIND VÅGNES

## Ærleg Tytingvåg

Tekstane har det godt saman med Tytingvåg.

## JAZZ



RANDI TYTINGVÅG:  
**Three**

RANDI TYTINGVÅG, VOKAL OG MODIFISERT PIANO; DAG S. VAGLE, GITAR OG VOKAL; ERLEND AASLAND, BANJO, TENORGITAR, CAVAQUINHO, MODIFISERT PIANO OG VOKAL.  
ACT EMO 4002-2

Randi Tytingvåg plukkar opp tråden frå EP-en *Lights Out* og serverer eit godt dusin låtar i ei nedstrippa akustisk innpakning. Tytingvåg er ikkje berre ein framifrå vokalist, men også ein låtskriver som har noko å melde.

## STÅLKONTROLL

Det er såleis med ein viss spaining eg sette på denne CD-en, for her er fleirtalet av låtane laga av andre, og det er ikkje kva som helst Tytingvåg har gjeve seg i kast med. Det er krevjande å tilføra

Tytingvåg er ikkje berre ein framifrå vokalist.

låtar som «Ich bin von Kopf bis Fuss auf Liebe eingestelt», «Que Sera Sera», «Let It Be Me» og «Both Sides Now» noko nytt. Tytingvåg og medmusikantane tek heller ikkje radikale grep. Å bli servert banjo sentralt i lydbyllete utanom country- og blågrassjangeren har både Bela Fleck og Stian Carstensen med stort hell gjort før. Visepreget som dei to førstnemnde låtane har fått, lèt etter seg like mykje undring som beundring, men det som gjer desse tolkingane verke å lytta til, er vokaluttrykket til Tytingvåg. «You Can Never Hold Back Spring» er eit illustrerende døme på den stålkontrollen Tytingvåg har på fraseringa. Vibratoen i det øvre registret hennar gjev låten ein hjelpeløst og botnlaus tristesse som tek denne låten på kornet. Dette er minimalistisk fraseringskunst av ypparste merke.

## VOKALKUNST

Arrangementa har ei oppgåve – å få Tytingvågs vokalkunst til å skina, og det lukkast ensemblet med. Imponerende er det også at Tytingvågs eigne låtar står seg så godt i dette selskapet. Tradisjonelt, men svært vellukka.

LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans kulturarbeidar og fast jazzmeldar i Dag og Tid.

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

## Petrarcas tårer

Komponisten Wolf hadde ikkje noko vinnande vesen, men musikken hans er sympatisk.

## CD



ERNST WILHELM WOLF:  
**String Quartets**

PLEYEL QUARTET KÖLN. CPO 2015

I gamledagar tala ein ikkje alltid fint om dei avlidne: Etter at komponisten Ernst Wilhelm Wolf døydde i 1792, gav svogeren, den prøyssiske hoffkapellmeisteren Reichardt, ut sjølvbiografien hans. I føreordet sitt skriv Reichardt at Wolf hadde eit «innbilt og misnøgd» vesen. Goethe var heller ikkje nådig; han hevda at Wolf var «uvenleg, sjølvnøgd, muggen, einsynt og eldlaus».

Det mannvonde finn me ikkje att i musikken. Wolf, som var hoffkapellmeister i Weimar medan Goethe var



«Muggen, einsynt og eldlaus», meinte Goethe: den tyske komponisten Ernst Wilhelm Wolf (1735–1792).

minister der, syner nemleg

mange huglag i stykka sine – stemninga i strykekvartettane, som Pleyel Quartet Köln no har spela inn på historiske strykeinstrument, spenner frå det livlege og skjemtesame til det tårevåte. Døme på sistnemnde er adagio-satsen frå *Strykekvartett i B-dur*, op. 3.1, med den programmatisk tittelen «Le lacrime di Petrarca» («Petrarcas tårer»). Musikarane framfører denne satsen vedunderleg stilt og med kvast internerne dissonansar.


Den fylgjande satsen, allegro con spirito, er derimot lystig og ertande og lèt muntert som Mozart. Wolf er altså endå eit døme på at me i den førromantiske musikken oftast leitar fányttes etter *kunstnaren* i kunsten hans.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Mangeslungen motettsamling

## CD



HOMILIUS, ROLLE, HILLER, GRAUN, HARRER:

**Motetten der Hiller-Sammlung**

SÄCHSISCHES VOCALENSEMBLE;  
DIR.: MATTHIAS JUNG. CARUS 2015

Motettane (geistlege korverk) frå andre del av 1700-talet er langt på veg ukjende i dag.

Men i det lutherske Nord-Europa spela dei den gong ei viktig rolle som bruksmusikk, både liturgisk i kyrkja og pedagogisk i skulane. CD-en til Sächsisches Vocalensemble er interessant, for her får me (for fyrste gong på plate) høyra motettsamlingane til Johann Adam Hiller (1728–1804), som var Thomaskantor i Leipzig og har gått inn i historia som fyrste dirigent for Gewandhausorkestret og fyrstemann som


framførde Händels populære *Messias* i Tyskland. Stykka i «Hiller-samlinga» er av ulike komponistar. Eit av dei finaste er skrive av Hillers sjølv: jordfestingsmotetten *Ruh, müder Leib (Kvil, trøytt lekam)*, der me merkar at det kompositoriske idealet i denne tida var nærare Händels luftige korsats enn Bachs tettvovne kontrapunktiske satstype.

SJUR HAGA BRINGELAND

## Espri som i operaen

## CD

JOHANNES BRAHMS:



**Mit vierzig Jahren**

HÅVARD STENSVOLD, BASSBARYTON;

TOR ESPEN ASPAAS, KLAVER.

LAWO 2015

Jamføring: Fink/Vignoles (Harmonia Mundi 2007)

Bassbarytonen Håvard Stensvold er ein underhaldande lied-songar. Når tekstane er morosame, nyttar han dramatisk espri som i operaen. «Vergebliches Ständchen» («Fåfengd serenade») handlar om ein kar som bankar på hjå

jenta han vil ha, men ho nekter plent å opna, truleg av di mora har åtvara henne om at slikt kan føra til uynskt graviditet. Den endelege avvisinga hennar mot slutten av songen blir humørfylt sunge av Stensvold, som nyttar nasal og komisk klang i karakterteikninga. Når det gjeld tysken, gløymer han seg somme stader og gjer vokalane litt for ljose og plasserer rulle-r-en litt for langt framme i munnhola, men stort sett er uttalen fin. Lydkvaliteten på plata er god, med romklang om lag som i ein mellomstor sal.

SJUR HAGA BRINGELAND



Bassbarytonen Håvard Stensvold syng kunstsongane til Johann Brahms (1833–1897). Foto: LAWO